

	SOLA	FLO	FIJERE
LAURDAG 6. OKTOBER	07.57/18.54	03.12/15.29	08.47/21.20
SØNDAG 7. OKTOBER	07.59/18.51	03.56/16.12	09.25/22.13
MÅNDAG 8. OKTOBER	08.02/18.48	04.47/17.06	10.18/23.34

Tips oss på tlf. 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20. E-post: redaksjonen@strilen.no • www.strilen.no

GODT SAGT:

Vennskap – berre eg ser ordet på trykk, vert hjartet varmt.

AUGUSTINE BELL

NAMNEDAG

6. oktober: Målfrid, Møyfrid • 7. oktober: Birgitte, Birgit, Berit • 8. oktober: Benedikte, Bente

VËR OG VIND

Laurdag: Enkelte regnbyer. Frå laurdag ettermiddag nordvest opp i frisk bris på kysten, om kvelden stiv kuling. Regn, seinare regnbyer. • Søndag: Nordvestleg bris, periodevis kuling på kysten. Enkelte regnbyer. • Måndag: Skiftande bris. Måndag enkelte regnbyer. Omtrent uendra temperatur.

STINA I STØÆ:

Dei spelar inn spenningsfilm i Meland, ser eg. – Økonomien er vel spennande nok der borte for tida...



Kåserer om Amerika

SLETTA: Skal ta hol på fordommene om Amerika.



Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Professor ved Universitetet i Bergen, Frank Aarebrot, kjem onsdag til Sletta for å ha eit kåseri om Amerika. Arrangementet er i regi av Vestnorsk utvandringssenter, men finn stad hjå Radøystova på Sletta.

– Mange har førestillingar om at i Amerika drikk ein cola til alle måltid, og at alt er dobbelt så stort som i Noreg, seier Åshild S. F. Thorsen, som er prosjektilsett ved Vestnorsk utvandringssenter.

– Slike oppfatningar er ganske morosame, men dei peikar òg på ein idé om eit samfunn med stor materiell velstand, som for få år sidan var utenkeleg for nordmenn. I dag må slike førestillingar modererast, for me er nok blitt forbrukarar i like stor grad som amerikanarane.


Fordommar

Tittelen på kåseriet er «Fordommer og virkelighet – Norge i Amerika og Amerika i Norge».

– Amerika er kjent som landet for dei store draumane, Mars-hallhjelpa, glamorøse stjerner og det frie mennesket. Men òg landet for krigsgale cowboyar, overvekt, og enorme klasseskilnader, seier Thorsen.

Noreg og Amerika er knytt saman på fleire måtar, mellom anna ved den omfattande utvandringa frå Noreg, særleg på slutten av 1800-talet og tidleg på 1900-talet.

Av dei mange som reiste var det ein god del som kom attende



RETT OG GALE: Kva er rett og kva er gale om det som nordmenn trur om Amerika? Frank Aarebrot vil gje nokre svar under kåseriet onsdag. (Foto: Njord V. Svendsen)

til Noreg, og mellom anna på Sletta er mange gardar bygde opp med pengar tente i Amerika. Også utvandringssenteret i seg sjølv kjem frå den sida av Atlanterhavet, kyrkja og dei andre bygningane er demonterte og flytta over til Noreg til Sletta.

– Lærerikt

– Det er utruleg kjekt at Utvand-

ringssenteret får besøk av Aarebrot. Han er ein autoritet på sitt felt, så dette kan bli interessant og lærerikt, seier Ida Dyrkorn Heierland, leiar av Vestnorsk utvandringssenter.

– Men det blir ikkje berre politikk. Foredraget er denne gongen lagt til Radøystova, og me byr òg på musikalske tonar, ved Åse Britt Reme Jakobsen.

Kåseriet til Aarebrot er det andre arrangementet i programserien «Førestillingar om Amerika» på Vestnorsk utvandringssenter i haust. Neste arrangement det er lagt opp til, er «Møte med det ville vesten i teikneseriar, romanar og spelefilm», i midten av november.

NOROM BRUNÆ

Kva er det kjekkaste du gjer etter skuletid?



Alva Kolås Ramstad (8)
– Vera ute og klatra i tre.



Solveig Hopland Nesse (8)
– Eg går inn i fjøsen til kalvane og hjelper til. Det kom ein nyfødd i går.



Thea Skaar Sæthre (8)
– Vera ute å klatra i tre og leika med Alva. Ho bur veldig nært meg.



Silje Borlaug (8)
– Kosa med kaninane våre. Me hadde 30 for ikkje så lenge sidan, men me har slakta ein del til mat. Eg et dei ikkje, altså. Og me et ikkje bestekaninen min. Den er heilt kvit med blå auge.

Slipp lyset inn
med ny aluminiumsskyvedør

GLASS MESTER GJESDAL KNARVIK AS
Tlf. 56 34 17 10
Reikeråsbygget, 5914 Isdalstø

PONDUS

Strilen
Vakttelefon
97 15 10 20